



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 19.08.2019

Styresak: 38/19

Arkivsaknr: 2019/21929-UNU

Møtedato: 03.09.2019

Drøftingssak - status for Middelalderklyngen

Dokumenter i saken

- Framdriftsrapport til HF fra faglig leder
- Strategi for Mellomalderklynga 2019-2024
- Aktivitetsplan for Mellomalderklynga 2019-2020
- Brev fra Universitetsdirektøren om etableringsstøtte

Bakgrunn

HF fikk våren 2017 en treåring bevilgning til etablering av Middelalderklyngen. Disse midlene går til prosjektkoordinatorstilling, administrasjon og drift fram til våren/sommeren 2020.

Siden bevilgningen fra UiB sentralt opphører i 2020, vil Middelalderklyngen være ett av temaene som skal tas opp i forbindelse med HFs budsjettprosess i høst. Fakultetet må vurdere ressursituasjonen og hvordan man kan samarbeide med UiB sentralt framover.

For å få best mulig grunnlag for fakultetets prioriteringer ble klyngen før sommeren bedt om en rapport der det blant annet skulle gjøres rede for følgende:

- Hvordan klyngen er organisert, og hvordan erfaringene med organiseringen er
- Bemanningssituasjonen. Forutsetninger for videre drift og eventuelle grep som kan gjøres framover
- En oversikt over internt og eksternt samarbeid
- Hvilke oppgaver som har preget arbeidet i klyngen fram til nå. Hvorvidt klyngen har oppnådd sine mål så langt
- Konkrete faglige ambisjoner og hovedutfordringer
- En drøfting av ressursituasjonen og hva som trengs videre. Gjerne ulike scenarier. Forventninger til fakultetet og UiB
- Andre ting man vil løfte fram

I slutten av juni mottok fakultetet vedlagte framdriftsrapport fra Middelalderklyngens faglige leder, der det går fram at arbeidet går bra, men at klyngen ser behovet for en koordinator på permanent basis.

Saken legges med dette fram for fakultetsstyret til drøfting.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret drøftet saken.

Jørgen Magnus Sejersted
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Framdriftsrapport til HF-fakultetet, Mellomalderklynga

Målsettinga for klyngene er at dei skal skape kunnskapsmiljø i verdensklasse.

Oppsummering: Etableringa av Mellomalderklynga er godt i gang, og styringsgruppe og arbeidsgruppe blei hausten 2018 etablert med representantar frå dei åtte samarbeidspartnarane. Det er nærare 60 forskarar ved UiB som har mellomalderen som ein sentral del av fagfeltet, inkludert 24 PhD-stipendiatar. Internt ved UiB skaper klynga tverrfaglege møtestader og nettverk for unge og etablerte forskarar, samstundes som jamlege møte betrar kommunikasjon og samarbeid med institusjonar i byen utanfor UiB.

Mellomalderklynga er billig i drift samanlikna med dei andre klyngene, ikkje minst av di det ikkje er planar om noko større byggeprosjekt. Mangelen på samlokalisering stiller større krav til å ha ein permanent prosjektkoordinator, og erfaringa det siste året tilseier at Irene Baug si stilling bør gjerast permanent. Me er klar over at det er rift om stillingane ved fakultetet og at enkelte fagfelt manglar undervisningsressursar. Likevel er det viktig både på kort og lang sikt at Mellomalderklynga blir sikra forutsigbarheit og kan oppretthalde reell aktivitet.

Mellomalderklynga er ei av seks kunnskapsklynger i strategien ved Universitetet i Bergen for 2016-2022, og den einaste innanfor humaniora.¹ At også humanistiske fag deltek innanfor dei store satsingane, er eit viktig signal frå Universitetet sentralt. Med ei klynge i mellomalderforskning markerer UiB at forskinga på mellomalder ved UiB i lang tid har halde eit høgt internasjonalt nivå, og er verd å vidareføre og profilere.² Ved siste oppteljing (juni 2019) var 58 tilsette ved UiB arbeider med mellomalder (ca. 500-1500) som ein sentral eller tilstøytande del av fagfeltet.³ Det er eit klart potensial for fleire samarbeidsprosjekt og auka kommunikasjon mellom fagmiljø ved UiB og ved andre institusjonar i byen og/eller regionen. At arbeidet med utviklinga av mellomalderklynga skal ligge hjå HF-fakultetet ved UiB, er nedfelt i HF-fakultetets strategidokument 2016-2022.⁴ Målsettinga for klyngene er at dei skal skape kunnskapsmiljø i verdsklasse.⁵

Bakgrunn

I 2015 tok dåverande dekan for HF-fakultetet, Margareth Hagen, initiativ til ei mellomalderveke og -konferanse som blei gjennomført i november same år. Dette arrangementet bidrog til å synleggjere og samle fagmiljøa ved Universitetet i Bergen som arbeider innanfor feltet, og markerte på mange måtar eit startpunkt for etableringsfasen av klynga. Opprettinga av forskargruppa Medieval Group i februar 2016 som ein del av HUMEVAL-evalueringa blei også sett på som ein del av grunnlaget for klyngesatsinga.⁶

I forskingsmeldinga for HF i 2016 er det formulert at mellomalderklynga skal:⁷

- «bli en tverrfaglig og tverrfakultær drivkraft for middelalderstudier i nær kontakt med regionale institusjoner og med en sterk internasjonal orientering.»

¹ *Hav liv samfunn, Strategi 2016–2022*, vedteken av Universitetsstyret 28.-29. oktober 2015.

² Universitetet i Bergen har vore sentralt i utviklinga av moderne mellomalderarkeologi gjennom utgravingane på Bryggen på 1950-talet. Bergen har også profilert seg innan både norrøn og latinsk mellomalderfilologi. Senter for mellomalderstudium (CMS) var Senter for fremragende forskning (SFF) i 2003–2012, under leiing av Professor Sverre Bagge.

³ Omkring 20 av desse er fast tilsette, dei øvrige er stipendiatar og andre mellombels tilsette (sjå eiga liste).

⁴ Det humanistiske fakultets strategiske plan 2016-2022, vedtatt 24. november 2015: «Mål: Fakultetet skal gjere seg sterkt gjeldande i satsingane ved UiB. For å oppnå dette skal vi: ta ansvar for UiB si klynge for mellomalderstudium. Satsinga på mellomalderstudium skal ha ein sterk tverrfagleg profil og samstundes vere ein utviklingsarena for nye samarbeidsformer og forskingsformidling.» UiB-strategien føreset aktiv involvering frå universitetsleiinga i startfasen, sjå styresak 5/16, 11. februar 2016. Sjå også forskingsmeldinga for HF 2016.

⁵ *Hav liv samfunn*, s. 25.

⁶ Gruppa besto av 25 personar frå LLE, AHKR og IF. «Ved å danna ei gruppe for mellomalderforskning vil HUMEVAL gi oss ei ekstern evaluering av miljøet, samstundes som vi kjem i gang med å utvikla mellomalder som ei klyngesatsing ved UiB.» (E-post frå Erslund av 7. februar 2016. Vedlegget til mailen: «Invitasjon til forskergruppe» frå Margareth Hagen.)

⁷ Frå forskingsmeldinga for HF 2016 (i møtepapir i fakultetsstyret 21. mars 2017), samt frå søknad om etableringsstøtte til mellomalderklynga (vedlagt).

- «videreutvikle de sterke tradisjonene de humanistiske fagene har innenfor middelalderforskning og utvikle kontakten med eksterne regionale aktører, bl.a. skolen, museene og reiselivsnæringen.»
- «være en pådriver i utvikling av lokal og nasjonal kunnskapsformidling om middelalderen.»
- «være et sted for gjensidig utvikling av forsknings-, museums- og formidlingsarbeid.»
- «bidra til å vise middelalderens relevans i en bredere og samtidig kontekst: gjennom kontakt med skolen, samhandling med museumssektoren i Hordaland, turistnæringen og Fylkeskommunen.»
- «være et springbrett for utvikling av praksiskomponenter i utdanningsløpene ved UiB og utvikling av et tverrfaglig MA-program i middelalderstudier.»

HF-fakultetet fekk i april 2017 etableringsmidlar for tre år. Desse går til ei prosjektkoordinatorstilling, administrasjon og driftsmidlar fram til 2020. Åslaug Ommundsen (professor i mellomalderlatin ved UiB) tok i juni 2017 på seg ei oppgåve som fagleg leiar under opprettinga av mellomalderklynga.

Struktur og samarbeidspartnarar

Alle kunnskapsklyngene er organisert på ulikt vis, og Mellomalderklynga kan ikkje vere ein «kopi» av klyngene for media, helse eller klima.⁸ Eit viktig element i dei andre klyngene har vore samlokalisering i store høgprofilbygg. For mellomalderklynga er mellomalderbyen Bergen i seg sjølv ein form for «samlokalisering», og flytting og nybygg ville skape for store utfordringar til at gevinsten ville vere verd det, i alle fall på kort sikt. Om ein ikkje kan ha felles opphaldsstad, blir eit felles kontaktpunkt desto viktigare. Lokaliseringa av klyngeadministrasjonen i Harald Hårfagres gate 1, tett på HF-administrasjonen, ser me som gunstig.

Sommaren 2018 vart Irene Baug tilsett som prosjektkoordinator for to år. Ho inngår i klyngeadministrasjonen saman med Ingrid Endal (kommunikasjonsrådgjevar, HF-fakultetet), Peter Hatlebakk (stipendiat, AHKR) og Ommundsen. Andre administrative støttefunksjonar ligg under HF-fakultetet.

⁸ Helseklynga er organisert med styringsgruppe og arbeidsgruppe (dominert av UiB, men er i overgangsfase). Mediaklynga har CEO, «board director», og eit styre med 8 medlemmer frå diverse mediebedrifter, samt eitt medlem frå NHH og eitt frå UiB. Klimaklynga er i prinsippet Bjerknæssenteret inn i nytt bygg, der også delar av Geofysisk institutt er plassert (Geofysen). Bjerknæssenteret har styre (leiarar frå partnarane), direktør og leiargruppe (13 personar).

Samarbeidspartnarane i mellomalderklynga per i dag er:

[Universitetet i Bergen](#)

[Bergen kommune](#)

[Hordaland fylkeskommune](#)

[Høgskulen på Vestlandet](#)


[Bymuseet i Bergen](#)

[Museum vest \(Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene\)](#)

[Norsk institutt for kulturminneforskning \(NIKU\)](#)

[Riksantikvaren](#)

Desse samarbeidspartnarane har ulike samfunnsoppdrag, og bidreg til klynga på forskjellige vis. Samarbeidspartnarane er representerte i ei arbeidsgruppe (etablert september 2018), leia av professor Åslaug Ommundsen og ei styringsgruppe (etablert desember 2018), leia av viserektor Robert Bjerknæs.




Ein strategi for mellomalderklynga 2019-2024 blei vedteken 7. mars 2019, med vekt på målsetjingar innanfor forskning, formidling, utdanning og forvaltning, samt auka nettverksbygging, samarbeid med

reiselivet og folkeleg engasjement. Ein konkret aktivitetsplan blei lagt ved (Sjå vedlegg.). Eit framlegg til kommunikasjonsplan blei lagt fram på styringsgruppemøtet 14. juni 2019. Måten klynga er organisert på og arbeidsfordelinga mellom administrasjon, arbeidsgruppe og styringsgruppe, fungerer fint.

Forsking og faglege ambisjonar

Dei sterke fagmiljøa og forskning på høgt internasjonalt nivå er fundamentet for klyngesatsinga innanfor mellomalder. Ved UIB er det HF-fakultetet som dominerer, men også ved Universitetsmuseet, Universitetsbiblioteket og andre fakultet, som Juridisk og KMD, er det aktive mellomalderforskarar. Ved dei andre samarbeidspartnarane, som Høgskulen på Vestlandet, Bymuseet i Bergen og Hordaland Fylkeskommune blir det også forska på tema innanfor mellomalderetida, medan fagmiljøa i forvaltningseiningane gjerne ikkje har eiga forskningstid. For Mellomalderklynga er det ein ambisjon å bidra til å sikre internasjonalt leiande tverrfaglege forskingsmiljø i Bergen og vestlandsregionen. Internt ved UiB ynskjer me å skape utdannings- og forskingsmiljø av høgaste kvalitet som klarer å kombinere internasjonale perspektiv og nettverk med lokal forankring og tverr-institusjonelt samarbeid.




Figur 1: HF-fakultetet dominerer mellomalderfeltet med 41 fast eller mellombels tilsette, medan Universitetsmuseet også har ein fagstab med sterk tyngde innanfor mellomalder. Universitetsbiblioteket, Juridisk fakultet og Fakultet for Kunst, musikk og design har også fagpersonar og forskarar som er ein del av fagmiljøet.


Som nemnt innleiingsvis er det 58 personar som arbeider med mellomalder ved UiB, noko som er ein stor styrke. Dette talet omfattar 30 fast tilsette, 24 PhD-stipendiatar, 4 postdoktorar og andre mellombels tilsette (inkluderte mellomalderklyngas prosjektkoordinator). Fagmiljøa syner ei fabelaktig breidde som bør synleggjerast endå meir enn i dag. Samstundes blir det viktige oppgåve å skape arenaer for tverrfagleg samarbeid, arbeide for synleggjering og motverke fragmentering av miljøa.

Arkeologi og mellomalderfilologi utmerkar seg som fagfelt med mange forskarar. Arkeologane er fordelte på instituttet AHKR og Universitetsmuseet, medan filologane er på LLE. Miljøet på IF rundt Laura Miles, førsteamanuensis i mellom-engelsk litteratur, er veksande.

På HF-fakultetet fordeler dei tilsette på LLE, AHKR og IF seg med totalt 19 forskarar på LLE og 18 på AHKR, med litt ulike proporsjonar på fast tilsette og PhD'ar:



Figur 2: Mellomalderforskarar ved HF fordelt på institutt (søylene til høgre representerer totalen). AHKR har fleire stipendiatar enn fast tilsette, medan det motsette er tilfellet på LLE.



Figur 3: Arkeologane utgjer ei stor gruppe ved UiB, fordelt på AHKR og Universitetsmuseet (UM).

Som i dei andre kunnskapsklyngene som UiB deltek i, er forskingsaktiviteten ved UiB stort sett organisert gjennom forskargrupper på institutta eller gjennom eksternfinansierte prosjekt. For HF sin del gjeld dette fem forskingsgrupper som omfattar mellomalder i omgrepets vidare forstand:

Forskargrupper:

- Forskergruppen for antikk, middelalder og tidlig moderne tid (AHKR)
- Menneske og materialitet (AHKR)
- Literature and religion (IF)
- Forskargruppe for mellomalderfilologi (LLE)
- Vitensbilder (LLE)

Forskargruppe for mellomalderfilologi fekk i 2019 tre-årig støtte i samband med HF-fakultetets styrking av forskargruppene.

Mellomalderstudium har i det siste fått relativt bra gjennomslag med omsyn til eksternfinansierte prosjekt. To yngre forskarar (LLE og IF) får bygge opp eigne forskingsmiljø. Gitte Hansen ved

Universitetsmuseet fekk i år gjennom eit stort forskingsprosjekt om Borgund, som også involverer forskarar både ved LLE og AHKR.

Eksternfinansierte forskingsprosjekt:

- Helen Leslie-Jacobsen (Transformations of Medieval Law, TMS-stipend 2018)
- Gitte Hansen, Universitetsmuseet (Borgundprosjektet, NFR-stipend 2019) (Prosjektet omfattar også forskarar ved LLE og AHKR.)
- Laura Miles (Re-assessing St. Birgitta, NFR-stipend 2019)





Figure 4: Mellomalderforskninga slik ho er organisert ved HF-fakultetet per i dag. [Eg set inn norsk versjon!]

Forskninga ved HF famnar vidt både fagleg, tematisk og tidsmessig, frå tidleg by-utvikling til sein-mellomalderisk visjonslitteratur og endringar i mellomalderlover i tidleg-moderne tid. Samstundes som det er eit mål å synleggjere breidda innanfor mellomalderstudium, syner ei analyse av forskingsverksemda ved UiB generelt at nokre forskingsområde utmerkar seg som samlande tverrfaglege kategoriar eller «paraplyar» for fleire miljø:



Figur 5: Tre paraplyar dekkar ganske mykje av forskingsaktiviteten, samstundes som det er rom for andre tema.

Det er ein betydeleg innsats innanfor den aukande digitaliseringa av forskingsfeltet, med fleire døme på viktig forskingsinfrastruktur, ikkje minst innanfor mellomalderfilologi, blant anna ved hjelp av faggruppa for digital utvikling ved Universitetsbiblioteket. Mellomalderens lærdomskultur, studert via tekstar og handskriftsmateriale er eit anna samlande og tverrfagleg felt der det vil kunne løne seg å auke innsatsen for fagleg samarbeid mellom til dømes språkfaga på LLE eller IF og historie på AHKR. Urbanisering og byhistorie er eit felt som samlar både historikarar og arkeologar, der det også er eit klart skjæringspunkt mot kunnskapsbasert forvaltning av urbant landskap og kulturarv. Auka kommunikasjon på tvers av fagfelt og instituttgrenser innanfor desse områda vil kunne styrke både forskingsprofil og felles framtidige prosjektsøknader.

Aktivitetar og strategiske vurderingar, fortid og framtid

For at det skal vere verd for Universitetet og HF-fakultetet å oppretthalde Mellomalderklynga (bortsett frå at det ligg inne i strategien), må klynga «levere» på sentrale punkt som er viktige for UiB. Det er me på god veg til å gjere, blant anna gjennom konkrete aktivitetar innanfor dei fire punkta nedanfor.

1) Kunnskapsmiljø i verdsklasse

Mellomalderklynga bidreg til å skape eit miljø for god tverrfagleg forskning og internasjonalt samarbeid. For mellomalderforskinga ved Universitetet i Bergen er klyngesatsinga ei veldig god løysing, etter periodar med streng definering av prioriterte forskingsfelt (innan til dømes CMS eller dei respektive forskargruppene). Ei klyngeløysing gjev rom for vide definisjonar av mellomalderomgrepet og variasjon innanfor forskingsperspektiva, noko mellomalderforskinga vil nyte godt av i åra som kjem. I og med at medlemskap i klynga er på institusjonsnivå, ikkje på personnivå, kan ein ta utgangspunkt i den forskinga og fagkunnskapen som *faktisk* er ved dei forskjellige institusjonane og gje best mogleg vekstvilkår for denne.

Relevante aktivitetar:

- Klynga arrangerte ein fagleg, internasjonal konferanse under Mellomalderveka 2018: / *Vesterled/Westward bound* (med ei rekkje deltakarar frå Irland) (17.-18. oktober 2018)
- Klyngeadministrasjonen introduserte irske gjester (blant anna byarkeologen i Dublin, Ruth Johnson) for forvaltande myndigheiter i Bergen (Riksantikvaren, NIKU og Byantikvaren) (19. oktober 2018)
- Fleire representantar frå Universitetet Bergen deltok under Dublin Festival of History med faglege bidrag blant anna på eit Viking-symposium. (4. og 5. oktober 2018)



Figur 6: Internasjonal konferanse «I Vesterled / Westward bound» under Mellomalderveka 2018.

2) 'Societal impact' og synleggjering av humanioras samfunnsrelevans

Det vil gjennom klyngesamarbeidet vere eit naturleg fokus på nærrområde og forvaltning av kulturarv, noko som vil ha ein god effekt på dialogen mellom universitetet og samfunnet forøvrig. I tillegg til Byjubileet og Sunnivajubileet 2020, kan klynga kan støtte opp om store nasjonale jubileum som kjem, som Lagabøtejubileet og Stiklestadjubileet. Dei siste to åra har klynga også fungert som tverrfagleg kontaktpunkt for eksterne henvendingar, til dømes for den norske ambassaden i Dublin, og for Sagastad-prosjektet i Nordfjordeid.

Relevante aktivitetar:

- Mellomalderstanden ved forskningstorget 21.-22. september 2018 fekk formidla kunnskap om barns oppvekst i mellomalderen til skuleklassar og andre besøkande.
- Plansje-utstillinga *Treasures from the Grave: exploring Irish Norse connections through artefacts in the University Museum of Bergen* blei utvikla i samarbeid mellom UiB og Dublin City Council som ei dobbel vandreutstilling for Irland og Noreg. Utstillinga opna i Dublin i samband med Dublin Festival of History 4. oktober. Den norske delen har no (juni 2019) vandra frå UB til Vik i Sogn.
- Debatten ved Litteraturhuset under Mellomalderveka i oktober 2018 sette fokus på Vikingtid og marknadskrefter, og trekte fullt hus.
- Til byjubileet for Bergen i 2020 er Mellomalderklynga sentral i samarbeidsprosjektet *Bergen 1320 – ei digital tidsreise*, med forskarar og grind-redaksjonen ved UiB, Byantikvaren og Arkikon. Resultatet skal bli oppdatert kunnskap om byen lett tilgjengeleg via www.grind.no på eigen telefon eller datamaskin.



Figur 7: Debatten på litteraturhuset under Mellomalderveka i oktober 2018 trekte fullt hus.

3) Bidrag innanfor forskarutdanninga ved UiB

Figurane ovanfor syner at mellomalderforskinga ved UiB er eit ungt miljø med god tilvekst av unge, talentfulle forskarar. Som nemnt ovanfor er det to faglege tyngdepunkt, arkeologi og norrøn filologi. I og med at AHKR og LLE er lokaliserte på forskjellige stader, er det ein auka risiko for fragmentering av eit miljø som ville tene på tverrfaglege kontaktflater. HF-fakultetet har gjennom strategisk satsing på mellomalderklynga, styrka miljøet med til saman 4 PhD'ar (2017-18): To gjekk til LLE (norrønt) og to gjekk til AHKR (ein arkeologi og ein historie). Éin postdoktor, som skal byrje 1. september 2019, gjekk til LLE (norrønt). Dei sakkyndige komiteane har i alle tilfella hatt kvalitetskriteriet i fokus. Som nemnt ovanfor har fakultetet også innvilga økonomisk støtte til Forskargruppe for mellomalderfilologi, som har ein fagleg samlande funksjon for eit tverrfagleg miljø innanfor norrønt og latin, med ei veksande gruppe stipendiatar.

Relevante aktivitetar:

- Klyngeadministrasjonen arrangerte for første gong ein PhD-stafett for mellomalderstipendiatar på fleire fakultet og institutt 7. juni 2019
- PhD-seminar er under planlegging, i Paris hausten 2019 og Roma i 2020.

Desse samlande, institutt-overskridande arrangementa vil ikkje naturleg vil falle til nokon av dei instituttvise forskargruppene, og er ein viktig funksjon for Mellomalderklynga. Felles møtestader for samarbeidspartnarane i klynga og andre mellomalderinteresserte er organiserte på ulikt vis. Både Mellomalderveka og Mellomalderforum fungerer til dømes som samlande arenaer.



Figur 8: PhD-stipendiat Nina Stensaker presenterer mellomalderfragment på PhD-stafetten i juni 2019.

4) Auka ekstern finansiering (BOA)

Eit naturleg neste steg i arbeidet med kartlegging av forskingsinteressene ved UiB vil vere å organisere samlingar for å diskutere moglege prosjektsøknader som også inkluderer samarbeidspartnarane. Det kan også vere aktuelt med offentlege PhD'ar. Klynga støttar også arbeidet for å auke andelen av postdoktorar på Marie Curie-stipend.

Klynga vil også støtte opp om arbeid for å vinne fram i den internasjonale konkurransen om forskingsmidlar, blant anna ved å bringe moglege samarbeidspartnarar saman. Eksistensen av ei kunnskapsklynge i mellomalderstudium viser overfor finansieringseiningar at mellomaldermiljøet i Bergen står sterkt, og aukar sjansane til å vinne fram i søknadssamanheng. Den samfunnsorienterande effekten til Mellomalderklynga gjer det også lettare å argumentere for «societal impact» i søknadssamanheng.

Konklusjon

Mellomalderstudium er eit stort fagfelt ved UiB og i byen elles, og klyngekonseptet ser ut til å kunne fungere godt for ei samling og styrking av fagmiljøet. Klynga støtter opp om faglege aktivitetar og skapar tverrfaglege arenaer der folk kan treffast for å få til ei auke i det tverrfaglege og tverr-

institusjonelle samarbeid. Medan klyngeadministrasjonen opplever stor støtte frå størstedelen av mellomaldermiljøet, ser me samstundes at me har ein jobb å gjere med å argumentere for korleis kvar enkelt kan dra fordelar av at klynga eksisterer.

To år inn i etableringsperioden ser me også at det er økonomiske utfordringar knytt til permanent drift, ikkje minst av di det er kamp om stillingar mellom forskjellige fagmiljø ved HF. Alle dei andre samarbeidspartnarane skal bidra inn i klynga, men det vil vere særst ulikt kva bidraget kan bli. Dei andre institusjonane bidreg med representantane si arbeidstid, og enkelte kan også oppmodast til å bidra til driftsbudsjettet. Elles har bidraga frå dei andre vore frå sak-til-sak-basis, til dømes i tilknytning til arrangement i Mellomalderveka. Diverre vil nok hovudbyrden av vidare drift falle på UiB, realistisk sett. Både initiativet og den større nyttefunksjonen er knytt til UiB, ikkje minst i å sikre forankring i eit breiare fagmiljø, auke forskingssamarbeidet og synleggjere samfunnsrelevans.

Mangelen på samlokalisering både internt og i høve til dei andre institusjonane stiller større krav til å ha ein permanent prosjektkoordinator. Slik me vurderer det, er det naudsynt for vidare drift av klynga at det finst midlar til følgande:

- 1) At den to-årige stillinga til prosjektkoordinator Irene Baug blir definert om til ei permanent stilling
- 2) Fortsatt frikjøp av 50% stilling som fagleg leiar
- 3) Eit driftsbudsjett i størrelsesorden 200-300 000

I samband med overføring av strategiske midlar frå Universitetet sentralt, synest det klart at ei auke med opphav i innmeldte behov frå Mellomalderklynga ikkje bør bli gjenstand for stadige omkampar internt ved fakultetet, sjølv om midlane ikkje kan øyremerkast frå UiB sentralt si side.

Både innanfor forskarutdanninga og innanfor etter- og vidareutdanning vil klynga ha ein nyttig funksjon. Større regionale og nasjonale jubileum kjem nærast som perler på ei snor dei neste ti åra, og vil krevje både koordinering og faglege bidrag. I tillegg bør Mellomalderveka drivast og utviklast vidare som eit årleg arrangement. På bakgrunn av langsiktige behov ser me at Mellomalderklynga har ei rolle å spele i framtida, som tverrfagleg og tverrinstitusjonelt kontaktpunkt.

Åslaug Ommundsen

Professor i mellomalderlatin ved UiB, og fagleg leiar av Mellomalderklynga

Vedlegg:

- Vedteken strategi for Mellomalderklynga 2019-2024
- Aktivitetsplan for 2019-2020



MIDDELALDERKLYNGEN

STRATEGI FOR MELLOMALDERKLYNGA

2019–2024

Bergen og vestlandsregionen skal spele ei leiande rolle både nasjonalt og internasjonalt innanfor mellomalderfeltet

Mellomalderen er ein sentral tidsperiode som har hatt mykje å seie for historisk utvikling og identitet nasjonalt og internasjonalt. Kunnskap om mellomalderperioden (i vidare forstand rekna frå ca. 500 til 1500) er difor særst viktig, og avgjerande for å forstå bakgrunnen for det moderne samfunnet. Bergen og vestlandsregionen har fleire sterke miljø som tek vare på den felles kulturarven frå mellomalderen.

Forsking på mellomalderen har lenge stått sterkt i byen og held høg internasjonal kvalitet. Universitetet i Bergen tok i strategien for 2016–2022 initiativ til å opprette ei mellomalderklynge som ei av sju kunnskapsklynger, og den einaste innanfor humanistiske fag. Mellomalderklynga skal vere eit samlande organ for fagmiljø i Bergen og vestlandsregionen. Klynga skal støtte opp om samfunnsoppdraga til samarbeidspartnarane: forsking, utdanning, formidling og forvaltning, med fokus på nyskaping og innovasjon.

MÅLSETJINGAR FOR KLYNGA

- Styrke nettverksbygging og etablere møteflater for samarbeidspartnarane og andre relevante aktørar – både nasjonalt og internasjonalt
- Sikre, styrke og auke internasjonalt leiande tverrfaglege forskingsmiljø i Bergen og vestlandsregionen
- Gjere kunnskap og ny forsking om mellomalderen kjent i samfunnet gjennom god formidling og innovative løysingar
- Bidra til oppdatert, pedagogisk og forskingsbasert undervising på alle nivå i utdanninga, frå grunnskule til høgskule- og universitetssektoren, inkludert etter- og vidareutdanning
- Skape ein breiare base for kunnskapsbasert forvaltning og arbeide for ein balanse mellom tilgjengeleggjering og berekraftig bruk av kulturminner
- Syne at kulturminna frå mellomalderen er ein betydeleg ressurs for både lokalsamfunn og turistnæring, og arbeide for ei brei kontaktflate mellom fagmiljø og næringsliv, først og fremst reiselivsindustrien
- Fremme Bergens identitet som mellomalderby og understreke Vestlandets sentrale rolle i mellomalderen for å auke engasjementet blant innbyggjarane og politikarar.

SAMARBEIDSPARTNARAR

Følgande institusjonar er per 2018 med som samarbeidspartnarar i klynga:

- Universitetet i Bergen
- Høgskulen på Vestlandet
- Riksantikvaren
- Hordaland fylkeskommune
- Bergen kommune
- NIKU distriktskontor Bergen
- Bymuseet i Bergen
- Museum Vest



BERGEN
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



BYMUSEET.

BYMUSEET I BERGEN

NIKU

Norsk institutt for
kulturminneforskning





MIDDELALDERKLYNGEN

uib.no/middelalderklynge

Universitetet i Bergen / Postboks 7800, 5020 Bergen
middelalderklyngen@uib.no / 55 58 80 20



UNIVERSITETET I BERGEN

Aktivitetsplan for Mellomalderklynga 2019–2020

Aktivitetsplanar for Mellomalderklynga blir laga for to år om gongen. Denne planen gjeld for 2019 og 2020. Eigne framdriftsplanar vil bli utarbeidd for kvar aktivitet.

Det er laga ei oversikt over kva institusjonar som vil vere ansvarleg for dei ulike hovudaktivitetane, men institusjonane vil også kunne bidra på aktivitetar der dei ikkje står oppført med eit hovudansvar.

Samarbeid

Ei viktig målsetting med Mellomalderklynga er å styrke samhandling og samarbeid på tvers av institusjonar og fagfelt, lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

I tillegg til aktivitetane nedanfor vil ein parallelt arbeide for å sikre ei permanent etablering og finansiering av Mellomalderklynga gjennom ein permanent koordinatorstilling og faste driftsmidlar (frå sommaren 2020), for å sikre langsiktig institusjonelt samarbeid

Mål: Styrke nettverksbygging og etablere møteflater for samarbeidspartnarane og andre relevante aktørar – både nasjonalt og internasjonalt

Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Arrangere årleg mellomalderveke om hausten som arena for forskingsformidling og som tverrfagleg og tverr-institusjonell møtestad	Alle. Koordinatoransvar: klyngeadministrasjonen
Reetablere eit forum for mellomalderinteresserte med aktivitetar som frukostmøte og kveldsmøte	Alle. Koordinatoransvar: klyngeadministrasjonen
Kalle inn til jamlege møter med styringsgruppa og arbeidsgruppa	Koordinatoransvar: klyngeadministrasjonen

Forsking

Forsking av høg kvalitet vil vere ein grunnleggande aktivitet i Mellomalderklynga, med bidrag frå samarbeidspartnarane. Det blir forska på mellomalderen innafor mange fagmiljø. Fag med solide bidrag til kunnskap om mellomalderen er, til dømes, kunsthistorie, litteraturvitskap, språkfag, arkeologi, religionsvitskap, historie, rettshistorie, geologi, botanikk og musikk. Klynga skapar gode rammar for tverrfagleg og tverrinstitusjonelt samarbeid også på forskingsfronten. Sterke nasjonale og internasjonale nettverk vil fremje forskingssamarbeid og sikre internasjonale perspektiv.

Mål: Sikre, styrke og auke internasjonalt leiande tverrfaglege forskingsmiljø i Bergen og vestlandsregionen

Hovudaktivitetar	Ansvarleg
Arbeide for meir ekstern finansiering av tverrfaglege og tverr-institusjonelle forskingsprosjekt	Alle

Etablere ei tverrfagleg og tverrinstitusjonell forskargruppe i mellomalder	Alle
Følgje opp Vesterledssatsinga gjennom kontaktar med mellom anna Irland (Dublin), England (York), Skottland og Orknøyene for å sikre eit langsiktig forskingssamarbeid med høg kvalitet og internasjonale perspektiv.	UiB, Hordaland/Vestland fylkeskommune, Bergen kommune

Formidling

Mellomalderklynga skal auke kunnskapen om mellomalderen i samfunnet gjennom god formidling av forskingsresultat og samlingar. Samtidig ønskjer klynga å bidra til utvikling av nyskapande metodar for kunnskapsformidling.

Mål: Gjere kunnskap og ny forskning om mellomalderen kjent i samfunnet gjennom god formidling og innovative løysingar

Hovudaktivitet	Ansvarleg
Utarbeide utstillingar og utstillingskonsept knytt til mellomalderen	UiB, Bymuseet i Bergen, Museum Vest
Arbeide for å realisere Byantikvarens planer og samarbeid med Arkikon om digital visualisering av mellomalderbyen Bergen med tilrettelegging av fysiske og digitale ruter gjennom byen	Byantikvaren. Koordinatoransvar: klyngeadministrasjonen
Filmsnuttar om Bergens mellomalderhistorie	UiB, Bergen kommune, NIKU, Riksantikvaren, Museum Vest, Bymuseet i Bergen. Koordinatoransvar: klyngeadministrasjonen

Utdanning

Mellomalderperioden inngår i utdanning og opplæring på alle nivå. Fleire av samarbeidspartnarane i klynga har undervisningsopplegg på plass. Det vil vere eit mål å halde seg oppdatert på nye læreplanar og læringsmål, og også forsøke å påverke desse. I tillegg vil klynga legge til rette for internasjonal utveksling av studentar og lærekrefter innafor mellomalderfeltet.

Mål: Sikre oppdatert, pedagogisk og forskingsbasert undervisning på alle nivå i utdanninga, frå grunnskule til høgskule- og universitetssektoren, inkludert etter- og vidareutdanning

Hovudaktivitet	Ansvarleg
Utvikle tverrfaglege undervisningsopplegg knytt til mellomalderen på høgskule- og universitetsnivå	UiB, HVL, Byantikvaren, Bymuseet i Bergen

Bidra med undervisningsopplegg på grunnskulenivå knytt til mellomalderen	Bymuseet i Bergen, Museum Vest, UiB, HVL
Utvikle etter- og vidareutdanning knytt til mellomalderen	UiB, HVL

Forvaltning

Mellomalderklynga skal bidra til å sikre god forvaltning av kulturminne, både stadfaste og i samlingar, slik at desse blir bevarte for framtida, og samtidig sikre at dei blir gjort tilgjengelege for forskning, undervisning og formidling gjennom berekraftig bruk.

Mål: Skape ein breiare base for kunnskapsbasert forvaltning og arbeide for ein balanse mellom tilgjengeleggjering og berekraftig bruk av kulturminner

Hovudaktivitet	Ansvarleg
Oppgradering av Askeladden	Hordaland/Vestland fylkeskommune, Riksantikvaren
Vidareutvikling av MABYGIS (GIS-basert fagsystem for norske mellomalderbyar)	Riksantikvaren, NIKU
Tilgjengeleggjering av dokumentasjon frå synfaringar, registreringar og utgravingar for forskning, forvaltning og ålmenta	Hordaland/Vestland fylkeskommune, NIKU, Universitetsmuseet, Riksantikvaren
Metodeutvikling og tverrfagleg samarbeid, som miljøovervåking (MOV), ulike typar dokumentasjon av kulturminner, m.m.	Hordaland/Vestland fylkeskommune, NIKU, Universitetsmuseet, Riksantikvaren

Reiseliv

Mellomalderklynga skal ha ei brei kommunikasjonsflate mot næringslivet, særleg reiselivet og turistnæringa. Fleire av samarbeidspartnarane i klynga er viktige attraksjonar for turistar. Samtidig kan klyngepartnarar levere kvalitetssikra innhald til den aukande kulturturismen.

Mål: Syne at kulturminna frå mellomalderen er ein betydeleg ressurs for både lokalsamfunn og turistnæringa og arbeide for ei brei kontaktflate mellom fagmiljø og næringsliv, først og fremst reiselivsindustrien

Hovudaktivitet	Ansvarleg
Knyte kontakt til Bergen Reiselivslag	Koordinatoransvar: Klyngeadministrasjonen

Engasjement

Det er eit mål å vekke engasjement og interesse for mellomalderetida, både generelt og i form av lokal tilhøyring til Bergen og vestlandsregionen.

To viktige arrangement blir arrangert i Bergen i løpet av 2020; Byjubileet og Sunnivajubileet. Jubilea er ein sjanse til å vekke iver og interesse for mellomalderbyen Bergen, lansere nyskapande formidling og gi retning til ny forskning. Sunniva er ein felles figur for begge både Hordaland og Sogn og Fjordane, som i 2020 skal samlast til Vestland fylkeskommune.

Mål: Fremme Bergens identitet som mellomalderby og understreke Vestlandets sentrale rolle i mellomalderen for å auke engasjementet blant innbyggjarane og politikarar.

Hovudaktivitet	Ansvarleg
Feire Byjubileet for Bergen i 2020	Alle. Koordinatoransvar: Bergen kommune
Feire Sunnivajubileet i 2020	?
Bidra med fagleg kompetanse for lokale/regionale/nasjonale initiativ knytt til mellomalderfeltet	Alle



UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetsdirektøren

Det humanistiske fakultet

Referanse

2016/5203-STVE

Dato

01.03.2017

Etableringsstøtte til Middelalderklyngen

Det vises til e-post av 28.02.17 vedørende søknad om etableringsstøtte til Middelalderklyngen.

Universitetsdirektøren har behandlet søknaden og finner å kunne bevilge 1,6 mill. kroner per år for årene 2017, 2018 og 2019 i slik støtte.

Fakultetets budsjetttramme for 2017 justeres med kroner 1.600.000 i henhold til dette.

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Steinar Vestad
seniorrådgiver

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Universitetsdirektørens kontor
Telefon 55 58 20 01
Telefaks 55 58 96 43

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Christies Gate 18
Bergen

Saksbehandler
Steinar Vestad
55589252